

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: fredag 22. mars 2019 11:17
Til: Johann Roppen
Emne: VS: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 12/2019, 22. MARS

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 12/2019, 22. MARS

(PS! Nyhendebrevet fekk feil nummerering – det vart sendt ut som nr 11, men skulle vere nr 12, og er altså retta her).

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no. Send gjerne tips og kommentarar.

Arkiv med tidlegare nyhendebrev: <https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

DISPUTERER PÅ SUNNMØRSK KORKULTUR

Tidlegare HVO-stipendiat Øyvind Eiksund disputerer ved Norges musikkhøgskole (NMH) 28.mars. Eiksund tok til på doktorgradsprosjektet som stipendiat ved Høgskulen i Volda, men arbeider no ved NTNU i Trondheim. Avhandlinga hadde sunnmørsk korkultur som utgangspunkt og datamateriale er henta frå fire kor på Søre Sunnmøre. Omtale av disputasen på NMH sine nettsider: <https://nmh.no/arrangementer/disputas-med-oyvind-eiksund>
Øyvind Eiksunds nettside på NTNU: <https://www.ntnu.no/ansatte/oyvind.j.eiksund>

PROFESSOR MARIE NEDREGOTTEN SØRBØ HAR SØKT OM FORSKINGSMIDLAR FRÅ EU

Den aller første Horisont 2020-søknaden frå Høgskulen i Volda er sendt. Professor Marie Nedregotten Sørbø ved AHL har lagt ned eit stort arbeid med å sette saman ei gruppe av europeiske forskarar som har skrive søknaden i lag og skal utføre prosjektet om det blir gjennomslag. Søknaden vart sendt til området for samfunnsutfordringar og handlar om kjønnsulikskapar.

PÅMINNING: FOU-PRIS FOR 2019: KOM MED FRAMLEGG INNAN 15. APRIL

Alle tilsette har vorte inviterte til å foreslå kandidatar til Høgskulen i Voldas FoU-pris for 2019. Frist for å kome med framlegg er 15. april 2019. Namn og grunngjeving på kandidat til prisen vert sendt til:

forskningsadministrasjonen@hivolda.no. Både einskildpersonar og fagmiljø kan få prisen. Prisen er på kr. 30.000 til einskildperson og kr. 50.000 til fagmiljø. Prisen vil bli delt ut under Forskningsdagane i september 2019. Her er meir informasjon om FoU-prisen for Høgskulen i Volda, inkludert tidlegare prisvinnarar:

<https://www.hivolda.no/forsking/fou-pris>

MEDIESTUDENTAR LAGA HOPP-TV UNDER «RAW AIR» I VIKERSUND

Dei siste renna i skiflygingskonkurransen Raw air gjekk i Vikersund 15.-17. mars, og 11 voldastudentar bidrog med å lage fjernsynsreportasjar både før, under og etter arrangementet. Reportasjane vart publiserte på nettsida til arrangøren og på sosiale media. Høgskulelektor Steinar Høydal er svært nøgd med samarbeidet med Vikersund. - Det er svært motiverande og lærerikt for studentane å få mengde- og tempotrening på eit arrangement av internasjonalt format, seier Høydal. Og han seier også at studentane kan vere stolte over resultatet av arbeidet.

MEDIESTUDENTAR (2): DEKTE VM I TELEMAR PÅ RJUKAN

PS: Nokre av studentane som var med i Vikersund reiste vidare til Rjukan for å bidra under VM i Telemark.

FJELLFILMSTIPEND TIL VOLDASTUDENT

Voldastudent Aron Bræstrup Løsnes har fått eit stipend på kr 25.000 frå Stiftelsen Fjellkultur. Løsnes sitt prosjekt «Eventyrlyst» handlar om skandinavisk ungdom som går eit år på folkehøgskule i Finnmark og blant anna får gå på ski på Svalbard. Dette er aller første gongen stipendet blir delt ut. <https://www.utmagasinet.no/aktuelt/disse-faar-fjellfilmstipend>

VALKAMPSTART: FLEIRE POLITIKARBESØK TIL HØGSKULEN I VOLDA

Hausten 2019 er det lokalval, og fleire politikarar vil kome til høgskulen for å få informasjon om oss og kva vi kan bidra med regionalt og nasjonalt. For høgskulen er det naturlegvis også viktig å fortelje kva som er våre utfordringar og ønskje. Dei neste vekene er det avtalt møte med politikarar frå V, SV og SP. Høgskulen oppmodar lokale partilag og fylkeslag til å ta kontakt med høgskulen når politikarar er på reise i regionen - vi tek alltid i mot politikarar som ønskjer å få vite meir om høgskulen.

ÅRSRAPPORT FOR HØGSKULEN I VOLDA 2018

Årsrapporten for 2018, og med planar for 2019, vart vedtatt av høgskulestyret 7. mars. Etterpå har rektorat og direktør pussa litt på formuleringar og følgd opp styrets ønskje om einskilde tillegg. Kontor for kommunikasjon har i år som for dei siste åra produsert ei fin trykksak som blir trykt opp i eit lite opplag og høver til utdeling og til vedlegg i nokre samanhengar. Årsrapporten er tilgjengeleg i pdf-format på den faste nettsida med styringsdokument:

<https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/styringsdokument>

ÅRSRAPPORTAR FOR ALLE UH-INSTITUSJONAR: VOLDA SKIL SEG UT

Den årlege fristen for å levere årsrapport er 15. mars for alle UH-institusjonar. På denne nettsida ligg pdf-filer med årsrapportar for all institusjonar. Skal ein dømme ut frå stikkprøver så er det bilde av UH-sektorens hus, studentar i aktivitet og blide styremedlemmer som er rammene for kva bildet det høver seg å illustrere ein årsrapport med. Så for ein profilert liten høgskule på Nordvestlandet er det ikkje feil å skille seg ut med å bruke bilde frå vår ville natur - som vi faktisk også brukar i undervisning og forskning.

https://dbh.nsd.uib.no/statistikk/dokumenter_htmlRapport.action?undermeny=statistikk_dokumenter&tabellId=62

[1](#)

STYREMØTET 7. MARS: MYKJE MEDIEOMTALE

Styremøtet 7. mars har vorte omtalt i fleire media - både før og etter møtet. Heile styremøtet kan du sjå i opptak her:

<https://www.hivolda.no/nyhende/arets-forste-styremote-ved-hogskulen-volda-kan-du-no-sja-opptak-her>

Skal Høgskulen i Volda fortsatt stå aleine? Styremedlemmer er ueinige med rektor

<https://www.forskerforum.no/skal-hogskulen-i-volda-fortsatt-sta-aleine-styremedlemmer-er-ueinige-med-rektor/>

Rektorer på Vestlandet tenker høyt om en strukturprosess 2.0

<https://khrono.no/dag-rune-olsen-fusjon-himolde/rektorer-pa-vestlandet-tenker-hoyt-om-en-strukturprosess-20/264571>

Roppen: Selvstendighet et tydelig førstevalg for Volda

<https://khrono.no/johann-roppen-roppen-volda/roppen-selvstendighet-et-tydelig-forstevalg-for-volda/266129>

Styret i Volda splitta om f-ordet:

<https://khrono.no/fusjon-roppen-struktur/styret-i-volda-splitta-om-f-ordet/266873>

Styret ved Høgskulen i Volda forkasta f-ordet:

<https://www.forskerforum.no/styret-ved-hogskulen-i-volda-forkasta-f-ordet/>

No brukar Dag Rune F-ordet

<https://pahoyden.no/dag-rune-olsen-fusjon-hogskulen-i-volda/no-brukar-dag-rune-f-ordet/267673>

Frustrerte eksterne styremedlemmer:

<https://khrono.no/roppen-styre-styremedlemmer/frustrerte-eksterne-i-styret-i-volda-takkar-nei-til-ny-periode/266928>

Gi meg styremedlemmer som veit kva ein høgskule er (kommentar av Eirik Søvik)

<https://khrono.no/eirik-sovik-hogskulen-i-volda-styremedlem/gi-meg-styremedlemmar-som-veit-kva-ein-hogskule-er/267022>

BIBLIOTEKET I FRAMTIDA: VIL SPØRJE STUDENTANE OG BRUKE EKSTERNE EKSPERTAR

I vår gjennomfører biblioteket fleire brukarundersøkingar for å få svar på korleis biblioteket skal utvikle seg vidare for å bli det best moglege biblioteket for våre studentar. Torsdag og fredag i neste veke vil biblioteket ha ein

verkstad der 12 studentar frå ulike avdelingar skal vurdere ulike sider ved biblioteket. Verkstaden blir leia av doktorgradsstudent Andrea Gasparini frå Universitetet i Oslo. Resultata vil biblioteket ta med vidare i lag med bibliotekarkitekt Aat Vos når han kjem til Volda i april for å lage ein framtidsstudie av biblioteket.

BIBLIOTEKET (2): PÅ INSTAGRAM TIL HEILE BIBLIOTEK-NOREG

Biblioteket ved Høgskulen i Volda vil komande veke ta over Norsk bibliotekforening sin Instagramkonto: @norskbibforening og får fritt spelerom til å dele sprell frå Høgskulen i Volda. Instagramkontoen har over 1100 følgjarar og har vore utlånt til ei rekke fag-, forsknings- og folkebibliotek sidan årsskiftet og no er det altså Volda sin tur som representant for dei mindre fagbiblioteka i sektoren.

<https://www.instagram.com/norskbibforening/>

FULLSETT PÅ FILM-KONSERTEN TIL SYMFONIORKESTERET

Symfoniorkesterets konsert med filmmusikk - Cinemagi - traff publikum godt. Kantina var fullsett under konserten i BK Kantina 17.mars. Student Nikolas Viktor Frimannslund debuterte som dirigent for symfoniorkesteret under konserten:

<https://www.hivolda.no/kulturfag/debuterer-som-dirigent>

Les også Møre-Nytts omtale:

<https://www.morenytt.no/kultur/2019/03/18/Cinemagi-p%C3%A5-H%C3%B8gskulen-18686472.ece>

PROFESSOR TOR-JOHAN EKELAND HAR FYLT 70: VART FEIRA MED KONFERANSE

Professor Tor-Johan Ekeland ved Avdeling for samfunnsfag og historie fylte 70 år 21. mars 2019, og dagen vart blant anna feira med ein konferanse på Litteraturhuset i Oslo: "Grunnlagsproblem i vitskapen om mennesket": <http://www.stiftelsenhumania.no/category/konferanse/>

Ekeland har vore tilsett ved Høgskulen i Volda / DH-skulen i Volda sidan 1970-talet og er professor i psykologi. Han har også arbeidd som professor ved Universitetet i Bergen og Høgskolen i Molde. Tidlegare har han vore rektor på DH-skulen og sit no som medlem av høgskulestyret. Her er Ekelands nettside, blant anna med lenkje til heile 630 forskingsresultat i Cristin:

<https://www.hivolda.no/tilsette/institutt-sosialfag/tor-johan-ekeland>

12 LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

Det er no 12 ledige stillingar ved Høgskulen i Volda, alle ved på Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning (AHL) og på Avdeling for mediefag. På mediefag er det ledige stillingar medievitskap/kommunikasjon, mediedesign og digital kompetanse i læring. På AHL er det ledige stillingar i norsk, engelsk, kjemi/naturfagdidaktikk og i matvitskap/matkultur/ernæring.

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre:<http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

21.-22.3.2019: Avdelingsseminar ASH

28.3.2018: Disputas, Noregs musikkhøgskole, Øyvind Eiksund.

29.3.2019: Etablering av Campusutviklingsforum i Volda.

3.-4.4.2019: Solstrandseminaret, UH Nett Vest.<http://uhnettvest.no/>

10.-12.4.2019: ITS Volda (internasjonal studentkonferanse om lærarutdanning)<https://www.hivolda.no/its-volda>

23.-24.4.2019: Avdelingsseminar AMF

2.5.2019: Styremøte nr 2/2019

17.5.2019: Symfoniorkesteret: Nasjonal festkonsert. <https://www.hivolda.no/nasjonaldagskonsert-17-mai>

24.5.2019: Markering av at Yksnøya har vore friluftsbasis i 40-år, Yksnøya

7.6.2019: Sunnmøre regionråd held representantskapsmøte på Høgskulen i Volda

13.6.2019: Styremøte nr 3/2019

17.-20.6.2019: The Volda Symposium 2019: Forskingskonferanse om journalistikk.<https://www.hivolda.no/volda-symposium-2019>

19.-20.6.2019: Fjordkonferansen 2019. Tema: Digitalisering www.fjordkonferansen.no

20.6.2019: Sommaravslutning med 50-års markering for oppretting av DH (1969) - 25 års markering for HVO (1994) - byggestart for Sivert (Mediehuset)
17.-18.6.2019: AKF Avdelingsseminar
20.8.2019: Semesterstart 2019-2020
25.-26.9.2019: Karrieredagane for Søre Sunnmøre
18.-29.9.2019: Forskingsdagane 2019. Tema: Miljø.
31.10.-1.11.2019: Barnehagekonferansen

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

REKTORBLOGGEN

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook:<https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram:<https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube:<https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen:<https://blogg.hivolda.no/jr>

Nynorsksenterets blogg:<https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget:<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Bygging av nye studentheimar på Heltne - minutt-for-minutt-oppdatering:<https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 70 07 50 00

www.hivolda.no

